


Strandsoneanalyse for Gulen kommune

Delområde 2: Sognefjorden, Indre Gulen og
Byrknes

Asplan Viak AS



Strandsoneanalyse for Gulen kommune
Delområde 2
Oppdrag: 5103402
Arbeid utført av: Asplan Viak AS
Oppdragsleiar: Guro Steine
Mail: guro.steine@asplanviak.no
Medarbeidar: Karianne Eriksen, Fredrik Ingmar Boge,
Trygve Andresen, Kjersti I. Vevatne
Leveringsdato: 28.juni 2013

FORORD

Denne rapporten inneholder ei analyse av strandsona i Gulen kommune for delområde 2: Sognefjorden, Indre Gulen og Byrknes. Analysen skal nyttast som grunnlag for rullering av arealdelen til kommuneplanen. Sjølve rapporten er bygd opp etter same mal som strandsoneanalyse for delområde 1, Eivindvik, Brandangersundet og Sløvåg (Norconsult/Gulen kommune 2011).

Asplan Viak AS har gjennomført analysen gjennom synfaringar i felt, kartlegging av datakjelder og digitale analysar. Der ikkje anna kjelde er oppgitt er alle biletene tatt og kart utarbeidd av Asplan Viak AS. Nedste biletet på framsida er frå <http://maps.google.no/>

I arbeidet har det vore viktig å peike på dei ulike interessene for strandsona, knytt til dette området. Fagområde som er vurdert er landskap, kulturminne og kulturmiljø, natur, friluftsliv, og område for vidare utvikling til bustad, samt bygdeutvikling.

I tillegg har vi utarbeidd sårbarheitskart med funksjonell strandsone for delområdet. Føremålet med strandsoneanalysen er å tilrå kva areal som kan utbyggjast, kva område ein bør vere varsam med og kva område ein bør halde fri for nye tiltak. Vi har kartlagt viktige verdiar i strandsona for å få ein betre arealforvaltning med vekt på utbyggingssaker.

Kontaktperson i Gulen kommune har vore Frank van den Ring.

Bergen, juni 2013

Guro Steine
Oppdragsleiar og kvalitetskontroll

Karianne Eriksen
Medarbeidar

Innhald

FORORD	3
1 INNLEIING – STRANDSONA UNDER AUKA PRESS	6
1.1 Definisjonar	6
2 STUDIEOMRÅDET	7
2.1 Generell informasjon.....	8
3 METODIKK	10
3.1 Tema for analysen	10
3.2 Verdisetting og sårbarheit.....	11
4 REGISTRERING AV INTERESSER OG KVALITETAR I STRANDSONA –DELOMRÅDE 2.....	13
4.1 Landskap, overordna nivå	13
4.2 Rekreasjon og friluftsliv.....	14
4.3 Natur.....	15
4.4 Næringsinteresser	16
4.5 Kulturminne og kulturmiljø	16
4.6 Bustad/fritidsbustad.....	16
4.7 Konklusjon for heile delområde 2	16
4.8 Utvida analyse og skisse for bygdesenter	16
5 OMRÅDE D – Sognefjorden – Brekke - Sognesjøen.....	17
5.1 Landskap.....	18
5.2 Rekreasjon og friluftsliv.....	25
5.3 Natur.....	25
5.4 Næringsinteresser	30
5.5 Kulturminne og kulturmiljø	30
5.6 Bustad/fritidsbustad.....	36
5.7 Konklusjon delområde D	36
5.8 Sårbarheit og funksjonell strandsone.....	37
5.9 Utvida analyse og skisse for bygda Brekke.....	38
5.9.1 Landskap.....	38
5.9.2 Rekreasjon og friluftsliv	38
5.9.3 Natur.....	39
5.9.4 Næringsinteresser	39
5.9.5 Kulturminne og kulturmiljø	39
5.9.6 Bustad/fritidsbustad.....	42

5.9.7 Sårbarheit og funksjonell strandsone.....	42
5.9.8 Konklusjon bygda Brekke	44
6 OMRÅDE E – Nord- og Austgulfjorden - Dalsøyra – Eidsfjorden.....	45
6.1 Landskap.....	46
6.2 Rekreasjon og friluftsliv.....	52
6.3 Natur.....	52
6.4 Næringsinteresser	55
6.5 Kulturminne og kulturmiljø	55
6.6 Bustad/fritidsbustad.....	60
6.7 Konklusjon delområde E.....	60
6.8 Sårbarheit og funksjonell strandsone.....	61
6.9 Utvida analyse og skisse for bygda Dalsøyra.....	62
6.9.1 Landskap.....	62
6.9.2 Rekreasjon og friluftsliv	62
6.9.3 Natur.....	62
6.9.4 Næringsinteresser	62
6.9.5 Kulturminne og kulturmiljø	63
6.9.6 Bustad/fritidsbustad.....	64
6.9.7 Sårbarheit og funksjonell strandsone.....	64
6.9.8 Konklusjon bygda Dalsøyra.....	65
7 OMRÅDE F – Byrknes.....	67
7.1 Landskap.....	67
7.2 Rekreasjon og friluftsliv.....	70
7.3 Natur.....	70
7.4 Næringsinteresser	70
7.5 Kulturminne og kulturmiljø	71
7.6 Bustad/fritidsbustad.....	73
7.7 Sårbarheit og funksjonell strandsone.....	73
7.8 Konklusjon OMRÅDE F – Byrknes	75
8 SÅRBARHEITSKART MED KOMMENTARAR.....	76
9 KONKLUSJON	82
10 KJELDER	83

1 INNLEIING – STRANDSONA UNDER AUKA PRESS

Strandsona er under aukande press for ulike utbyggingsføremål, samstundes som 100-metersbeltet ved sjø er definert som eit område av nasjonal interesse med eit særskilt vern direkte nedfelt i lovverk. I høve plan- og bygningslova §1-8 *Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag*, skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesse.

Heilskapleg planlegging må til, skal ein sikre at dei viktige ressursane i strandsona vert teke vare på. Tilfeldige dispensasjonar fører til ei fragmentert utvikling, i tillegg til at overstyrande grep i forvaltning i kommunen fell bort.

1.1 Definisjonar

Strandsone

Omgrepet *strandsone* omfattar areala på land som er i tilknyting til eller i samspel med sjøområda. I utgangspunktet refererer ein då til 100-metersbeltet.

Strandline

Strandlinna er der sjø og land møtest.

Funksjonell strandsone

Funksjonell strandsone er område på land, knytt til strandsona, som inneholder verdiar knytt til natur, kultur, landbruk, biologisk mangfald og landskap, som er viktige å ivaretaka, eller å ta omsyn til. Den funksjonelle strandsona avgrensar seg og ved samspelet mellom land og sjø, der til dømes tilkomst til sjø er vanskeleg, enten i form av topografi og naturlege stengsel, landskapsrom eller i form av fysiske inngrep.

Funksjonell strandsone må ikkje forveklast med ei juridisk byggjegrense i plan. Den funksjonelle strandsona har ingen juridisk verknad, men er rettleiande i arealforvaltninga. Mange kommunar vel å nytte funksjonell strandsone som utgangspunkt for byggjegrense i kommuneplanar og reguleringsplanar.

2 STUDIEOMRÅDET

Studieområdet er andre delområde for Gulen kommune, som det er utarbeidd strandsoneanalyse for, totalt cirka 123 km strandsone. Innanfor studieområdet er det tre bygdeområde som skal ha ei nærmere vurdering. Desse bygdeområda er Brekke, Dalsøyra og Byrknes.

Studieområde er følgjande:

D: Brekke

- 10 km langs Sognefjorden, Oppedal
- 5 km langs bygda Brekke (utvida strandsone og skisse kartlegging)
- 24 km langs Sognefjorden, Takle – Hjartholm- Rutledal
- 18 km langs Sognesjøen


E: Dalsøyra

- 13 km langs Nordgulfjorden
- 19 km langs Austgulfjorden
- 4 km langs del for Gulafjorden
- 3 km langs bygda Dalsøyra (utvida strandsone og skisse kartlegging)
- 21 km langs Eidsfjorden

F: Byrknes

- 6 km langs bygda Byrknes (utvida strandsone og skisse kartlegging)

Analyseområdet er 100 meters belte for alle områda, og utvida for bygdesentra



Figur 1 Oversiktskart med studieområdet. Blå stipla line syns studieområde for Strandsoneanalyse del 2. Raud skravur syns utvida analyse i del 2. Lilla line syns studieområde for Strandsoneanalyse del 1.

Kommunen er i gang med planarbeid for desse områda, og det er difor naudsynt med ei nærmere utgreiing om kva verdiar, interesser og kvalitetar som ligg her i høve strandsona.

Heile studieområdet er ikkje synfart. Det er strandsona som er kringliggande dei tre bygdeområde, område som er bygd, samt der kor det er pågåande planar som har vore i fokus for denne analysen.

2.1 Generell informasjon

Geografi/natur

Kystkommunen Gulen ligg heilt sørvest i Sogn og Fjordane på grensa til Hordaland, og mellom Sognefjorden og Fensfjorden. Landarealet på 596 km² inneheld ein variert og spennande natur med cirka 2400 øyar, holmar og skjer, og eit fastland som er prega av små dalføre på kryss og tvers i landskapet. Spennet er langt frå dei yste nakne øyane mot Nordsjøen i vest, til dei frodige landbruksbygdene mellom dei ville fjella i aust, mot Stølsheimen. Dei 2305 fastbuande (status vår 2013) bur spreidd i landskapet, og fordeler seg ganske jamt i dei fire skulekrinsane Brekke, Dalsøyra, Eivindvik og Byrknes.

Kommunikasjonane nord- og sørover er gode. Frå kommunegrensa i sør er reisetida omlag 1 time med bil til Bergen, medan det tek under 1½t å køyre til Bergen eller Førde frå Oppedal ferjekai nordaust i kommunen. Snøggbåtar tek deg trygt og raskt til Bergen, Fjordane og Indre Sogn.

Næringslivet

Næringslivet i Gulen er prega av mange små verksemder. Omlag 170 gardsbruk i aktiv drift gjer landbruket til ei viktig næring. Tradisjonelt fiskeri har og lange tradisjonar.

I dei seinare åra har havbruk vorte ein viktig del av næringsgrunnlaget. Med 20 laksekonsesjonar i drift er Gulen den største havbrukskommunen i Sogn og Fjordane. Det vert også satsa på fiskeforedling.

Gulen kommune ligg innafor verkeområdet til dei distriktpolitiske verkemidla, og har god tilgang til finansieringsordninga innafor næringsutvikling, m.a. gjennom Innovasjon Norge og kommunale fond til næringsretta tiltak.

Ledige areal til industriføremål finst m.a. i Brekke (Ortneset), Eivindvik og Sløvåg. Sløvåg-området, som har Mongstad rett på andre sida av fjorden, er utpeika som eit av satsingsområda for ny industri i Sogn og Fjordane.

Bustadbygging

I Gulen er det romsleg med areal og låge grunnprisar. Dette gjev høve til større tomtar enn det som er vanleg i meir tettbygde strok. Byggjeklare tomter finst i alle skulekrinsane.

Kultur og reiseliv

Gulen har ei rik soge. Gulatinget, som var det første landsdelstinget i Noreg og ein viktig grunnstein i oppbygginga av statsapparatet etter samlinga av Noreg til eit rike, var skipa i Gulen ein gang før år 900. Gulatinget held til i Gulen i over 400 år, til det vart flytta til Bergen rundt år 1300. Dei to vakre steinkrossane i Eivindvik og døypefonten av stein i Gulen Kyrkje, alle truleg frå omlag år 1000, er av dei finaste tidlege kristne minnesmerka i landet, og syner at Gulen låg sentralt til i vikingtida.

Gulathinget er vald til [Tusenårsstaden i Sogn og Fjordane](#). Skulptøren Bård Breivik har utforma ein ruvande skulpturpark på naturskjønne Flolid, 3 km frå Eivindvik, ei verdig markering av denne viktige kulturarven som me kan ause kunnskap av også i dag, til dømes om korleis lovar vert til, korleis folk kan løyse konfliktar utan å ty til vald, og i det heile korleis eit demokratisk samfunn vert bygd opp.

Gulen kommune har fleire forhistoriske automatisk freda kulturminne og mange av dei ligg i strandsona. Kulturminna varierer i både type og alder; frå steinalderbuplassar til gravrøyser og gamle

kyrkjestader. Elles finn vi kulturmark og kulturlandskap i heile kommunen. Stein er ofte brukt som byggematerie i bygningar knytt til jordbruksdrift, og set spor i landskapet i form av steingardar, utmarkshus og i naust.

Reiseliv

Gulen vert eit stadig meir populært reisemål. I Ytre Gulen kan du oppleve rorbu- og fiskeferie i vakker skjergard. Innover i kommunen vert det og satsa på turisme basert på natur og friluftsopplevelingar.

[Gulen Fiskarbondemuseum](#) vart oppretta for å ta vare på soga om den tradisjonelle levemåten i Gulen, med "eitt bein i sjøen og eitt på land". Museet har vorte eit spanande reisemål for alle som vil vita meir om kystkultur. Andre viktige og levande kulturminne i kommunen er Sellevåg Treskofabrikk og Vassbruksmiljøet i Midt-Takle.

Gulen er ikkje berre en kommune med historisk sus – på seinsommaren kvart år samlar festivalen Utkant tusenvis av menneske til fantastiske konsertopplevelingar i havgapet på Skjerjehamn. Her står kongestatuen i kulturhistorisk prega tidlegare handelstad.

Kjelde: www.gulen.kommune.no

3 METODIKK

3.1 Tema for analysen

Gjennom analysen ser ein på fleire tema som er knytt til verdiar i strandsona. Tema ein har sett på er følgjande:

Landskap

Overordna og underordna landskapsformer og landskapsrom. Utgangspunktet for arbeidet med landskap i denne rapporten er arbeidet utført med landskapsskartlegging for vindkraft1: *"Landskapsskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke. Landskapstypeklassifisering og verdisetting i samband med fylkesdelplan for vindkraft." Aurland naturverkstad, rapport 07-2009.* Bakgrunnen for arbeidet er elles ei heildags synfaring med båt, samt bruk av kart og foto.

Målet med arbeidet med landskapstemaet er å nyansere den regionale verdisettinga frå rapporten slik at nytteverdien for planlegging aukar. I strandsoneanalysen for Gulen jobbar vi på eit lokalt nivå som skal nyttast i lokal, kommunal forvaltning og planlegging, og derfor har behov for en lokal verdisetting som framhevar landskap med viktige lokale verdiar.

Tekniske inngrep

Større område utan tekniske inngrep har ein eigenverdi. Inngrepsfrie område (INON) fungerer som eit verktøy i arealplanlegging for å kunne fylgje opp politisk vedtekne målsetjingar om at inngrepsfrie naturområde i størst mulig grad skal takast vare på i framtida.

Naturkvalitetar og biologisk mangfold

Kvalitetane er i naturen og variasjonen naturen inneber, er viktige å ta vare på. Grunnlaget som er brukt i denne analysen er eksisterande kartlegging av biologisk mangfold og INON område. Kjelder er Naturbasen og Fylkesatlas.

Kulturminne

Kulturminne og kulturmiljø er ein del av omgjevnadene våre, ein del av landskapet og bygningsmiljøet. Dei bidreg med kunnskap om tidlegare tider, dei gjer opplevingane våre rikare, både fysisk og mentalt.

Kulturminnelova definerer kulturminne som *"alle spor etter menneskelig aktivitet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til"*.

Med kulturmiljø meiner ein *område der eitt eller fleire kulturminne inngår som ein del av ein større helskap eller samanheng*. Ei samla vurdering av eit område si kulturhistorie, kulturminne og tidsdjupne vil danne grunnlag for avgrensing av kulturmiljø.

Strandsona

Registrering av kvar strandsona er funksjonell i forhold til allmenn ferdsel, topografi, naturlege eller fysiske stengsel.

Rekreasjon og friluftsliv

Område som har særlege verdiar knytt til friluftsliv og ferdsel. Dette gjeld både område som ein kan kome til ved fots, eller ved hjelp av båt. Kjelder er kjente registreringar, kommuneplan og kommunedelplanar, Fylkesatlas mfl., samt det eldre fylkesregisteret FRIDA (lokale friluftsområde) som vi har nytta til skildring av områda.

3.2 Verdisetting og sårbarheit

For tema Landskap, natur- og friluftsliv og kulturmiljø er det gjort ei kartfesting av verdifulle område og inndeling i ulike verdiklassar. Deretter er desse områda for kvart tema samanstilt for å identifisere område med særleg store verdiar i strandsona.

Verdisetting

Landskap

I lokal målestokk har vi gjort ei verdivurdering av fjordlandskapet basert på eigenart og særskilde kvalitetar eller element som er viktige for landskapskarakter (terrengform, landform, natur, kultur, busetnad), visuelle eigenskapar og opplevingsverdi lokalt.

Ut frå synfaringar frå båt og bil, foto og digitale terrengeanalyser har vi kartfesta område, terrengformer, silhuettar/synsrender, landemerke og landskapsrom der det bør takast særlege landskapsomsyn. Desse områda/landskapselementa er verdivurdert etter same klassifisering som vart nytta i strandsoneanalysen for delområde 1 (Norconsult 2011), men med ei lita justering av dei nemningane som er brukt:

Verdklassifisering	Strandsoneanalyse del 1 (Norconsult 2011)	Strandsoneanalyse del 2 (Asplan Viak 2013)
A	Nasjonal Verdi	Regionalt og nasjonalt viktig landskap
B	Regional verdi	Lokalt viktig landskap
C	Lokal verdi	Vanleg førekommende landskap
D	Ingen landskapsverdi	Landskap med få eller reduserte verdiar

Natur- og friluftsliv

Verdklassifisering:

- A – Svært viktig
- B – Viktig
- C – Lokalt viktig

Verdisetting frå Naturbasen er lagt til grunn. EDNA (naturområde i Sogn og Fjordane) er eldre fylkeskommunale registreringar som ligg i Fylkesatlas og som vi har nytta til skildring av områda. Der dei ikkje er vidareført inn i Naturbasen og verdisett der, har vi ikkje lagt vekt på verdisettinga i EDNA. Sameleis med FRIDA. Kommunen har gjennomført kartlegging av biologiske verdiar i 2010, «*Kartlegging av biologiske verdiar i nokre kulturlandskap i Gulen kommune i 2010, Miljøfagleg utredning*». Registreringane var ikkje lagt inn i Naturbasen når strandsoneanalysen vart gjort, og er derfor ikkje med i verdisetting og sårbarheitsanalyse. Kommunen vil sjølv legge desse inn i sårbarheitskart og framtidig forvalting. Ved gjennomsyn av rapporten har vi konkludert med at ingen av dei registrerte naturtypane ligg innanfor strandsona – 100-metersbeltet og heller ikkje innafor den funksjonelle strandsona.

Kulturminne

Det er gjort ein inndeling og kartfesting av større kulturminneområde ut frå førekomst av freda kulturminne (Askeladden), SEFRAK og vurdering av heilskaplege miljø. Ut frå dette grunnlaget, foto og skråfoto er det definert kulturmiljø i analyseområdet som har kulturhistorisk verdi. Desse områda er verdivurdert og klassifisert etter liten, middels eller stor verdi. Verdisetting av kulturmiljø er gjort av arkeolog etter gjeldande rettleiarar frå Riksantikvaren og Miljøverndepartementet.

Verdklassifisering:

- A – Stor verdi
- B – Middels verdi
- C – Liten verdi

Sårbarheitskart

Sårbarheitskarta er laga som ei samanstilling av tema landskap, natur- og friluftsliv og kulturmiljø. Samanstillinga er gjort gjennom ein digital overlay-analyse i GIS (geografiske informasjonssystem) der temakarta er lagt over kvarandre, og område som har fleire overlappande verdiar er identifiserte. Områda er klassifisert som følgjer:

A-område, område med særeigne kvalitetar

B-område, område ein bør vere varsam med å byggje ut

C-område, område ein kan vurdere utbygging i

D-område, område som allereie er sett av til særskilte utbyggingsføremål i gjeldande planar

Kriteriesett for å kome fram til A, B, C og D-område er som følgjer:

Område A, særeigne kvaliteter:

- Minimum 1 tema (av landskapskvaliteter, kulturminne, naturtypar og friluftsliv) må ha stor verdi, eller minimum 3 tema må ha middels verdi).
- Utbygging bør ikkje tillatast, med mindre det kan dokumenterast at dei samfunnsmessige fordelane for tiltaket er klart større enn ulempene.

Område B, varsam med å bygge ut:

- 1 tema må ha minimum middels verdi, eller minst 3 tema må ha registrerte kvaliteter
- 100- meters belte
- Registrerte kvaliteter (til dømes fulldyrka/ aktiv jordbruk)
- Fleire interesser ein må ta omsyn til
- Kan gjennomførast byggetiltak, men må vurderast opp mot omsynet til verdiane her. Bør fremjast som reguleringsplan

Område C, kan bygge:

- Få eller ingen konfliktar og kan nyttast til byggetiltak.
- Privatisering av strandsona bør ikkje førekommme
- Utan andre registrerte verdiar (i strandsona)
- Viktig med reguleringsplan (slik at bustad-, hytter- og næringsområde ikkje kjem i konflikt med kvarandre).

Område D, definerte område med særskilte utbyggingsføremål:

- Område som allereie er i bruk til større definerte formål/ avgitt til eksisterande byggeområde/ planer (ikkje bustadføremål).


4 REGISTRERING AV INTERESSER OG KVALITETAR I STRANDSONA – DELOMRÅDE 2

4.1 Landskap, overordna nivå

Gulen på landskapsregionalt nivå

Studieområdet er ein del av tre landskapsregionar LR 20; Kystbygdene på Vestlandet, LR 21; Ytre fjordbygder på Vestlandet og LR 22 Midtre bygder på Vestlandet (Nasjonalt referansesystem for landskap NIJOS-rapport 12/98). Skillet mellom LR 20 og LR21 går ved Videhammaren i nord, følgjer vestre landsida mot Nordgulfjorden, Glossvikeskaret, vestre landsida mot Eidsfjorden til Eidsvågen i sør. LR 20 Ytre fjordbygder på Vestlandet tar for seg landskapsrommet frå Videhammaren i vest til Vardeneset i aust. Landskapet frå Vardeneset til Indre Oppedal og landskapet rundt Nordgulfjorden, Austgulfjorden og Eidsfjorden tilhøyrar landskapsregion 21 Ytre fjordbygder på Vestlandet. Landskapsregionane er vidare delt inn i underregionar.

Kartet under syner oversikt over landskapsregionar, underregionar og landskapstypar.



Delområde D frå Vardeneset til Videhammaren er del av underregion UR 21.6 Fjaler som er eit representativt / vanlig førekommande landskap (C-verdi). Underregionen er kjenneteikna av:

«Dalsfjorden er samlande element som dei aller fleste LO orienterer seg mot. Skil seg frå resten av landskapsregion 21 i fylket, med samanhengande skogsås landskap og store elvedalar. Kontrast i møte med breie fjordar og småfjordar» (ibid.).

Område D frå Indre Oppedal til Vardeneset er del av underregion UR Midtre bygder på Vestlandet. Denne underregionen og dei fleste 444 underregionane, som landets 45 landskapsregionar er delt inn i, er i hovudsak berre kartfesta.

Område D frå Videhammarean til Dingja og område F Byrknes tilhøyrar landskapsregion 20 Kystbygdene på Vestlandet. Underregion er UR 20.3 Gulen og UR 20.4 Solund. Nordvestlege delar av kystlinja frå Videhammaren til nordlege delar av Hiserøya og nordvestlege delar av øyalandskapet i vest til Grønøya (landområda mot Sognesjøen) er del av underregion UR 20.4 Solund og har fått stor regional verdi (B- verdi). Regionen er kjenneteikna av:

«Stor og samanhengjande øygruppe som strekk seg frå aust mot vest nord for utløpet av Sognefjorden. Har ein god overordna samanheng og heilskap i landforma. Ei oppskåren kystlinje gir eit småskala preg med eit mylder av vågar, sund, skjergard og småfjordar. Dette dannar ei indre lei med mange varierte og opplevingsrike ferdslémøglegheitar. Representerar eit spesielt og heilskapleg kystlandskap med ei unik samansetning av landformar og kulturmiljø. Ein samanhengjande geologi med sandstein og konglomerat er sentral for landskapstypene. Fleire særleg velhaldne kulturmiljø med kystlyngheiar og små historiske handelsstader («ibid.).»

Underregion 20.3 Gulen er vurdert som representative/ vanleg førekommende landskap (C- verdi). Frå underregion 20.3:

«Strandflate landskap dominerer området og landforma omfattar dei aller fleste landskapstypene. Skjergarden ligg med ei stort mengd øyar, holmar, og skjer og omkransar området frå nord mot vest. Sentralt er store øyar og fastland i austleg Landflata er opprive der små vågar, smalsund og småfjordar skjer seg inn og skapar mange småskala rom. Eit typisk karaktertrekk er vekslinga mellom kysthei, våg og smalsund, open skjergard og småfjordar og der ytre kystfjell stikk opp som låge, men markerte paddehattar over strandflata. Den låge ytre strandflata står i kontrast til kystfjella som dannar den grånande, austlege horisonten. Området utgjer start på samanhengande og typisk strandflatelandskap som pregar store delar av LR 20 sørover gjennom Hordaland og nordleg del av Rogaland» (ibid.)»

Område E er del av underregion UR 21.6 Austgulen er eit representativt / vanlig førekommende landskap (C- verdi). Underregionen er kjenneteikna av langsmale og korte fjordløp med eit indre og lukka preg. Opp frå fjordane ligg korte kystfjelldalar omkransa av låge kystfjell. Ei homogen og repeterande landskapstypefordeling pregar område (ibid.).

Omtale

Analyseområdet er vidare delt inn i landskapstypar og analyseområde tek føre seg 123 km langs Sognefjorden, Sognesjøen, Nordgulfjorden, Austgulfjorden, austleg del av Gulafjorden, Eidsfjorden og Byrkens. Landskapstypene går vi igjennom lunder kvart delområde.

4.2 Rekreasjon og friluftsliv

Det er fleire område her som eignar seg for friluftsliv og rekreasjon, nokre meir tilgjengeleg enn andre. Område med variasjon som ytre skjergard, små øyar og holmar, berg, slakt terreng og strender, er ofte attraktive for rekreasjon og friluftsliv i strandsona. Innanfor studieområdet ligg det eit regionalt viktige friluftsområde: Rutletangane og omfattar mange holmar og øyer: Rutleneset, Fjærøyna, Kalvøyna, Kyrkøyna, Storholmen og fleire andre.

4.3 Natur

Langs kysten i studieområde er det fleire INON-område (her i kategorien område meir enn 1 km i frå tyngre tekniske inngrep). Det er registrert tre små INON-område på Rutletangane; eit på Fjærøyna, eit på Kalvøyna og eit på Årebtoholmen. Langs Gulafjorden og Eidsfjorden er det to INON-område som strekkjer seg inn i studieområde: vestover forbi Kjeringeneset og Brandsdal mot Klokkeid og eit nord for Skjelevika til Viketjørna. Dei fleste INON områdane i kommunen er ikkje langs kysten, men knytt til høgareliggende område og er store områder.

Ifølge artskart i artsdatabanken er det ikkje registrert kritisk trua raudlisteartar i strandsona innanfor studieområdet. Men det er påvist sårbare og nær trua artar:

Påviste sårbar artar er følgjande:

- Dingenes: makrellterne
- Rutletangane: fiskemåke, makrellterne
- Rutledal: fiskemåke, makrellterne, oter
- Breivika naturbeitemark: svartdugget vokssopp, *Trichoglossum walteri*
- Brekke: Oter
- Grinde: Solblom
- Stigevika: «*Mya arenaria*»
- Hamneneset, Austgulen: Oter
- Byrknes, Byrknesøy: storspove, fiskemåke, stær, hettemåke, tornirisk, bergirisk, hønsehauk, makrellterne, vipe.

Påviste nær trua er følgjande:

Område D:

- Dingja: naturbeitemark, magert storfebeite
- Dingja: stær
- Dingenes: fiskemåke, strandsnipe.
- Rutletangane: fiskemåke, sjørre.
- Husebø, Rutledal: fiskemåke
- Rutledal: fiskemåke, sjørre.
- Breivika: fiskemåke
- Brekke: vipe, varsler, fiskemåke, hettemåke, stær, strandstripe.
- Ytre Oppedal: fiskemåke, strandsnipe

Område E:

- Haveland: fiskemåke.
- Austgulfjorden: strandsnipe, fiskemåke.
- Kløvtveit: strandsnipe
- Stigevika: strandsnipe, fuglemåke.
- Øvre Oppdal, Oppdalsøyra: ask.
- Dalsøyra: fiskemåke, stær
- Øst i Dalsøyra: gårkrabbe

Område F:

- Byrknesøy: dvergdykker, fiskemåke, svartstrupe

Kjelde: www.artsdatabanken.no

Det er fleire registrerte førekomstar av biologisk mangfald innanfor studieområdet. Innafor område D er det 3 område som er vurdert som viktige område (B-verdi): ei hagemark med beitemark og open bjørkeskog på Sygnefest, eit større område med slåttemark på Kyrkøyna og eit område med strandeng og strandsump på Hamneneset. I område E er det to område med biologisk mangfald som er vurdert som viktige område (B-verdi): botnen av Austgulfjorden er fjord med naturlig lavt oksygeninnhold i botnvatnet og brakkvannsdelta i Austgulen.

4.4 Næringsinteresser

Jordbruk er dominerande næring i kommunen. Det drives også kystfiske og fiskeoppdrett. Sløvåg-området, som har Mongstad rett på andre sida av fjorden, er utpeika som eit av satsingsområda for ny industri i Sogn og Fjordane. Innafor området for strandsoneanalyse delområde 2 er det, i tillegg til primærnæringane er det bl.a. i område D nærbutikk på Dingja, industri på Holeneset, NCC i Breidvik, Hjartholm feriehytter og Marine Harvest i Hjartholm, forretning og næring i Brekke. I område E er det Gulen Dive Resort i Glossvika og Dalsøyra har forretning og service med butikk, pub og frisør, telegrafstasjon (BKK), samt flysstripe for mikrofly. Område F Byrknes har forretning og service med butikk, restaurant/ pub og fiskevær med nokre fiskeforedlingsbedrifter og kystmuseum.

4.5 Kulturminne og kulturmiljø

Det er fleire viktige kulturminne innanfor studieområdet. Blant fleire kan Dingeneset, Grimhellervika, Rutletangane, Den trondheimske postveg, Kystfortet Rutledal, Ortneset, Tveit, Levresundet, Molde/Slengesol, Høyvika og Buneset nemnast spesielt. Fleire kulturminne og kulturmiljø vil verte nemnt under kvart av delområda.

4.6 Bustad/fritidsbustad

Samfunnssdelen av kommuneplanen syner strategi for bygdeområde i kommunen; Eivindvik, Byrknesøy, Brekke og Dalsøyra. Eivindvik er komunesenter. Det er mange fritidsbustader i Gulen, dei fleste lokalisert på Byrknes.

4.7 Konklusjon for heile delområde 2

Analyseområdet er svært variert i landsskapstypar, frå ytre kyst og til innestengte fjordarmar. Området er utan store bygdesenter eller tettstader, men har fleire små bygder med viktige natur-, kultur- og landskapsverdiar.

4.8 Utvida analyse og skisse for bygdesenter


Brekke, Dalsøyra og Byrknes er peika på som bygdesenter. For desse tre bygdene er det gjort utvida analysar og registrering av interesser også utanfor 100-meters beltet og den funksjonelle strandsona. For Brekke er det i tillegg gjort eit mulighetsstudium (utviklingsstudie) med skisser og 3 d visualisering.

5 OMRÅDE D – Sognefjorden – Brekke - Sognesjøen

Sognefjorden- Brekke- Sognesjøen ligg nord i Gulen kommune. Området tar for seg 52 km langs Sognefjorden, Oppedal, frå Brekke i aust til Dingja i vest. Området går langs strandsona frå Sognefjorden i aust til Sognesjøen i vest, og bl.a. bygda Brekke, stadane; Takle, Hjartholm, Breidvika, Rutledal og Dingja. Området har ferjesamband frå Rutledalsvika over til Rysjedal på fylkesveg 1 og frå Oppedal til Lavik på europaveg 39. Brekke som er eit av bygdesentra i kommunen grensar mot Risnefjorden.



Bilete 1 Vestleg del av område D sett frå Sognesjøen. Kjelde: www.norgei3d.no



Bilete 2 Austleg del av område D sett frå Indre Oppedal og Sognefjorden. Kjelde: www.norgei3d.no

5.1 Landskap

Nordvestlege delar av område D har fått stor regional verdi (B- verdi) (område Solund), mens midtre delar frå Videhammaren til Klyvneset (område Sognefjorden, Gulen, Aust Gulen) har fått C verdi - eit vanleg førekommande landskap i regionalt perspektiv. Område frå Klyvneset til Brekke og frå Ytre Oppedal til Indre Oppedal er ikkje registrert i rapporten Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke.

Område D består av to landskapstypar: Fjordbasseng og Breie fjordar. Landskapstypen Fjordbasseng har det geografiske namnet er LT20-07 Sognesjøen og går frå Dingja til Rutledal. Det er utløpet av Sognefjorden og landskapstypen har open kontakt med storhavet og er karakterisert av avtagande og diffuse fjordsider. Frå Rutledal til Inst Takle er landskapstypen LT21-01 Sognesjøen. Landskapstypen er karakterisert av storskala opent fjordløp. Begge landskapstypane har fått C- verdi i rapporten «Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane, Aurland naturverkstad, rapport 7» (2009).

Vi har i tillegg framheva det vi meiner er verdifullt regionalt og lokalt og har delt inn i følgjande landskapsområde:

<i>Namn</i>	<i>Type landskap</i>	<i>verdi</i>
Dingja	Særeigen landskap: Dalbunn som har visuell kontakt med Dingjevatnet og Dingevågen. Sandstrand, svaberg, brattkyst, kai, brygge.	B- lokalt viktig landskap
Dingenesholmane	Slake svaberg	B - lokalt viktig landskap
Storevika	Naustområde som med utsprenging og fylling har endra opphavleg slik at det har reduserte verdiar	D- landskap med reduserte verdiar
Sygnefest	Kulturlandskap heilt ned til strandlinna. Slake svaberg	B - lokalt viktig landskap
Torskeberget – Ospeneset	Slake svaberg	B - lokalt viktig landskap
Rutletangane	Særmerkt natur- og kulturlandskap Landskapsform: mange holmar og øyer. Sjeldan så langt inn i Sognefjorden Holmane er dels nake og dels kledde med furuskog.	A- regionalt viktig landskap
Holeneset	Industriområde som med fylling og kai har endra opphavleg landskap	D- landskap med reduserte verdiar
Kviteneset	Nes og svaberg.	B - lokalt viktig landskap
Ytre Hjartholm med	Kulturlandskap, hagemark	B - lokalt viktig landskap


Naustneset og Steintåna		
Indre Hjartholm	Kulturlandskap. Sandstrand	B - lokalt viktig landskap
Hamneneset	Kulturlandskap, beita strandeng	B - lokalt viktig landskap
Midt Takle	Heilskapleg og samanhengande kulturlandskap heilt ned til strandlinia. Steinstrand og svaberg.	B - lokalt viktig landskap
Ortneset	Landskapsform: nes og terreqngrygg	B - lokalt viktig landskap
Brekke	Heilskapleg bygde- og kulturlandskap	B - lokalt viktig landskap
Indre Oppedal	Bygde- og kulturlandskap med tunstrukturar.	B - lokalt viktig landskap




Bilete 3 Dingja til venstre og Dingenesholmane til høgre. Kjelde: <http://nordhordland.avinet.no>



Bilete 4 Storevika og Holeneset. Kjelde: <http://nordhordland.avinet.no>.



Bilete 5 Rutletangane.



Bilete 6 Ytre Hjartholm, Naustneset, Steintåna og Kvitneset. Kjelde: <http://nordhordland.avinet.no>




Bilete 7 Hamneneset. Kjelde: <http://nordhordland.avinet.no>





Bilete 8 Midt Takle. Kjelde: <http://nordhordland.avinet.no>



Bilete 9 Indre Oppedal. Kjelde: <http://nordhordland.avinet.no>









Bilete 10 Indre Oppedal. Kjelde: <http://nordhordland.avinet.no>

5.2 Rekreasjon og friluftsliv

Det er registrert eit større regionalt viktig friluftsområde på Rutletangane. Området ligg ved innløpet av Sognefjorden og omfattar mange holmar og øyer: Rutleneset, Fjærøyna, Kalvøyna, Kyrkøyna, Storholmen og fleire andre. Området er attraktivt som badeplasser, og fiske og har tilkomst ved båt. Karakteristisk kulturlandskap og særegen natur. Med bl.a. slåttemark og slåtteeng.

Det er fleire lokalt viktig friluftsområde i område D: på Hamneneset, Brokja og Brekke. Områda er nytta til bading og har tilkomst både frå land- og sjøsida.

5.3 Natur


Det er fleire område med biologisk mangfald i område D – Sognefjorden– Brekke– Sognesjøen. Bl.a. er eit område med hagemark med beitemark og open bjørkeskog på Sygnefest vurdert viktig område (B), eit større område med slåttemark på Kyrkøyna, som er vurdert som viktig (B) og eit område med strandeng og strandsump (svartorstrandskog med tilhøyrande strandenger og strandumper), som er vurdert som viktig (B), som ligg på Hamneneset.

Det er registrert tre INON- område på Rutletangane; eit på Fjærøyna, eit på Kalvøyna og eit på Årebotholmen.

Det er registrert naturbeitemark i Breidvika i kartlegging av biologiske verdiar i Gulen kommune i 2010 av Miljøfagleg utredning. Det er funne 3 lokalitetar:

- «*Breidvik: Beiter ovanfor husa*» med utforming frisk fattigeng. Verdi svært viktig – A.
- «*Breidvik: Træshaugen*» - naturbeitemark med utforming finnskjegg-eng/sauesvingel-eng. Verdi viktig – B.
- «*Breidvik: Høgreina*» - naturbeitemark med utforming frisk fattigeng. Verdi viktig – B.

Kartet på neste side er henta frå rapporten: «*Kartlegging av biologiske verdiar i nokre kulturlandskap i Gulen kommune i 2010 Miljøfagleg utredning*» og synar avgrensing av naturbeitemarkane.






Figur 2 Kart som synar avgrensing av naturbeitemarkane. Kjelde: rapport: «*Kartlegging av biologiske verdiar i nokre kulturlandskap i Gulen kommune i 2010 Miljøfagleg utredning*».


I tillegg er det registrerte EDNA område:

- Falleø -Edellauvskog som er ein bra utvikla, og omlag samanhengande hasselskog med ein ganske rik og variert undervegetasjon (data frå 1986).
- Rutletangane -Heilskapleg kulturlandskap m.a. artsrike engsamfunn og kyst havstrand. Det er ein viktig sjøfugllokalitet og overvintringsplass for m.a. gråstrupedukkar, skarv, ærfugl, siland, sjørøre, havelle og alkefugl.
- Bålen -kulturlandskap, edellauvskog - svartor-strandskog.
- Steintåna, Ytre Hjartholm – kulturlandskap, hagemark: mosaikkprega der hagemark og enger fyller arealet mellom store steinblokker og tregupper.
- Hamneneset, kysthavstrand. Strandenga vert ikkje nytta lenger, og det er naudsynt med beite for å halde kulturmarkstypen i hevd (data frå 1992).
- Brekke nord, vest for Brekke pensjonat – ein liten isskurt fjelloverflate.

Natur- og friluftsverdiar:







5.4 Næringsinteresser

I studieområde D er det i hovudsak mindre grender og landbruksgardar med dyrka mark og beite. Brekke som er eit av 4 bygdesentrums i Gulen har mykje samanhengande dyrka mark. Vestlige delar av området D har i tillegg til landbruksgrendane hytter og fritidsbustader. Mesteparten av fritidsbusetnaden er frå Rutledal og vestover til Dingja. Anna næring er nærbutikk på Dingja, industri på Holeneset, NCC i Breidvik, Hjartholm feriehytter og Marine Harvest i Hjartholm, forretning og næring i Brekke. Aust i område D er landbruksgrendene Indre og Ytre Oppedal. Marin Harvest helt til i Indre Oppedal. I Ytre Oppedal ligg Brekke maskinstasjon/Oppedal servicesenter, Oppedal servicebygg (kiosken), Sognefjord feriehytter og ferjekai. Det går ferjeruter mellom Ytre Oppeddal og Lavik. Område D har også ferjesamband frå Rutledalsvika over til Rysjedal og Krakhella på fylkesveg 1.

5.5 Kulturminne og kulturmiljø

Ut ifrå SEFRAK-registeret, Askeladden, flyfoto og foto er det definert til saman 15 kulturmiljø innanfor område D:

Namn	Type miljø	Status
Dingja kulturmiljø	Ligg i botnen av Dingjavågen, på eit smalt eide mot Dingjasjøen. Jordbrukslandskap. Tønne- og trevarefabrikk.	Fleire objekt i SEFRAK. Liten kulturhistorisk verdi
Dingeneset kulturmiljø	Forhistoriske gravrøyser, tradisjonslokalitet. husmannsplass og fyrlukt	Freda objekt. Stor kulturhistorisk verdi
Fallebøen kulturmiljø	Jordbrukslandskap	Objekt i SEFRAK. Liten kulturhistorisk verdi
Sygnefest kulturmiljø	Jordbrukslandskap og tun. Driftsbygning frå 1700-tallet.	Mange objekt i SEFRAK. Liten til middels kulturhistorisk verdi.
Grimhellervika Vardeneset kulturmiljø	Automatisk freda kulturminne - hellar	Freda objekt. Stor kulturhistorisk verdi
Kyrkjeøya kulturmiljø	Tidlegare beitelandskap. Har vore middeladerkyrkje og hamn her. Middels til stor kulturhistorisk verdi	Automatisk freda kyrkjested, men ikkje påvist kvar. Middels til stor kulturhistorisk verdi
Den trondhjemske postvei	Postvegen i Gulen vart bygd i åra 1800-06, kom over Fensfjorden frå Fannebust på Lindåshalvøya til Postvågen i Gulen	Stor kulturhistorisk verdi
Kystfortet Rutledal	Anlegg for utskyting av torpedoar og kystfort.	Rester etter infrastruktur, bunkersar og skytestillingar. Stor kulturhistorisk verdi
Bredvika kulturmiljø	Jordbrukslandskap	Mange SEFRAK-objekt. Liten kulturhistorisk verdi
Hjartholm /Sjuvik	Jordbrukslandskap	Mange SEFRAK-objekt.

kulturmiljø		Liten kulturhistorisk verdi
Takle kulturmiljø	Jordbrukslandskap og gardsmiljø.	Liten kulturhistorisk verdi
Brekke kulturmiljø	Automatisk freda kulturminne: steinalder. Vedtaksfreda Lovisendal offisersgard. Freda kyrkjestader.	Freda objekt og mange objekt i SEFRAK. Middels til stor kulturhistorisk verdi
Ytre Oppedal kulturmiljø	Jordbrukslandskap, gardsmiljø og naust.	Mange objekt i SERFRAK. Middels kulturhistorisk verdi
Dysa kulturmiljø	Gardsmiljø	Nokre objekt i SEFRAK. Liten kulturhistorisk verdi
Indre Oppedal kulturmiljø	Gardsmiljø, naustmiljø.	Ein del objekt i SEFRAK. Liten kulturhistorisk verdi





Bilete 11 Dingeneset kulturmiljø. Kjelde: http://dingja.origo.no/-/bulletin/show/112439_husmansplassen-paa-dingeneset





Bilete 12 Kyrkjeøya kulturmiljø. Kjelde: www.nrk.no/sf/leksikon/index.php/Kyrkjer_i_Gulen



Bilete 13 Kystfortet Rutledal kulturmiljø. Kjelde: <http://maps.google.no/>







5.6 Bustad/fritidsbustad

I område er det i hovudsak spreidd bustad. Det er ein god del landbrukseigedomar som gjer at ein får en spreidd struktur. Det er ikkje mykje fritidsbustad aust i område, men vest i område frå Rutledal til Dingja er det fleire felt. Det blir meir fritidsbustader lenger vest ein kjem.

5.7 Konklusjon delområde D

Sjekkliste over interesse og kvalitetar som finnast i området:

Interesser/kvalitetar	I området	Merknad
Private stengsel		Ikkje registrert
Naturlege stengsel	✓	Brattkyst, sjå temakart landskapsverdiar som syner terrenget brattare enn 1:3
Knutepunkt	✓	Kaia og nærbutikken på Dingja, ferjeleiet i Rutledal, ferjeleiet i Ytre Oppedal, butikkane i Brekke
Kulturminne	✓	Dingja KM, Dingeneset KM, Fallobøen KM, Sygnefest KM, Riseskåra, Vardeneset KM, Kyrkjeøya KM, Den trondhjemske postvei, Kystfortet Rutledal, Bredvika KM, Hjartholm /Sjuvik KM, Ytre Takle KM, Inst Takle KM, Brekke KM, Dysa KM, Indre Oppedal KM
Tekniske inngrep	✓	Ferjeleie Rutledal industriområde på Holeneset, kai, nedlagt ferjekai i Brekke, ferjeleie Ytre Oppedal
Biologisk mangfald	✓	Hagemark med beitemark og open bjørkeskog på Sygnefest, Slåttemark på Kyrkøyna, Strandeng og strandsump på Hamneneset
Landskapsområde med A – verdi (regionalt og eller nasjonalt viktig landskap) og B verdi (lokalt viktig landskap)	✓	Dingja, Dingeneset, Sygnefest, Torskeberget – Ospeneset, Rutletangane, Kviteneset, Ytre Hjartholm, Indre Hjartholm, Hamneneset, Midt Takle, Orneset, Indre Oppedal
Næringsinteresser	✓	Nærbutikk på Dingja, Industri på Holeneset, forretning og næring i Brekke
INON	✓	INON på nordlig del av

		Fjærøyna, på Kalvøyna og på Årebtoholmen.
--	--	--

Vurdering:

Område D har alt frå landskaps-, kulturmiljø-, natur-, og friluftskvalitetar som er viktig å ta vare på, samt fleire interesser i og utanfor strandsona. Dei ulike interessene krev ei forvaltning som gjer at ein ikkje mister kvalitetane samstundes som ein kan leggje til rette for utvikling av næring, industri, bustader og fritidsbustader.

Særskilt kulturmiljøa: Dingeneset, Grimhellervika – Vardeneset, Kyrkjøya, den Trondheimske postveg, Kystfortet Rutledal, Brekke, Ytre Oppedal, landskapsområda: Dingja, Dingenesholmane, Sygnefest, Torskeberget – Ospeneset, Rutletangane, Kviteneset, Ytre Hjartholm, Indre Hjartholm, Hamneneset, Midt Takle, Orneset, Indre Oppedal og dei viktige naturtypane på Sygnefest, Kyrkjøyna og Hamneneset er viktige området å ta vare på, og ikkje byggje ned.

5.8 Sårbarheit og funksjonell strandzone

5 område kjem i kategorien A - område med særegne kvaliteter: Kulturmiljøa Dingeneset, Grimhellervika, Den trondheimske postveg, Kystfortet Rutledal og landskapsområdet Rutletangane har fått stor verdi og er dermed A område. Den delen av Orneset som har fått verdi – lokalt viktig landskap (B verdi) og som overlappar med kulturmiljøet Brekke som har fått middels til stor verdi (og er dermed vekta som 2 tema middels verdi). Totalt blir vektinga 3 tema middels verdi og A- område.

Store delar av området kjem i kategorien: B - område ein skal vere varsam med å bygge ut da fleire område har middels verdi på tema landskap, kulturmiljø, natur og friluftsinteresser, 100- meters belte, samt andre registrerte kvaliteter som fulldyrka jordbruksareal.

Ein del areal kjem i kategorien C - område som kan nyttast til byggeføremål. Dette gjeld område med få eller ingen konfliktar og kan nyttast til byggetiltak.

Nokre areal kjem i kategorien D – definerte område for særskilte utbyggingsføremål. Dette gjeld areal som er avsett til forretning- og service-, industri- og offentlege føremål i gjeldande kommunedelplan og gjeldande kommunedelplan.

Funksjonell strandzonelinje er smalare enn 100-metersbeltet der veg og eksisterande bygningar (ikkje landbruks- eller sjørelaterte bygningar) dannar ei naturleg grense mot sjøen, samt godkjente reguleringsplaner med utbyggingsføremål.

Dei 3 registrerte naturbeitemarkane i Breidvika som er kartlagt i rapporten: «*Kartlegging av biologiske verdiar i nokre kulturlandskap i Gulen kommune i 2010 Miljøfagleg utredning*» ligg utanfor strandsona – 100-metersbeltet og den funksjonelle strandsona. Den funksjonelle strandzonelinja fylgjer vegen og dei tre registrete lokalitetar ligg oppafor vegen.

5.9 Utvida analyse og skisse for bygda Brekke

Brekke er eit av fire bygdesentrum i Gulen kommune med ca. 640 bebruarar i skulekretsen. Brekke har vært administrasjonssenter i den tidligare sjølvstendige Brekke kommune. Bygda ligg på vestsida ytst i Risnefjorden. Fylkesvei 1 går gjennom bygda. Frå 1955 til 1991 hadde Brekke ferjesamband til Lavik på nordsida av Sognefjorden. Fram til 1990 var det også ferjesamband til Ytre Oppedal på sørsida av Sognefjorden. I Brekke ligger også langkyrka Brekke kyrkje frå 1862.

5.9.1 Landskap

Det er ikkje gjort landskapskartlegging for i Brekke i forbindelse med landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke: landskapstypeklassifisering og verdisetting i samband med fylkesdelplan for vindkraft. Men område tilhøyrar landskapsregionen Midtre bygder på Vestlandet og underregionen Midtre Sogn. Bygda Brekke er karakterisert av ein tydeleg dalbotn som Storelva følgjer. Det er tykk morene fram til Toragjerdet og deretter elveavsetning på Haugland som går helt ut til fjorden. Det er også lav strandflate. Landbruksstrukturen er karakteristisk for bygda. Bygda blir avgrensa av Hauglandsnova i sør mens terrenget er slakare nordover og ender i eit nes: Ortneset i nord. Ortneset er ei markert og viktig landskapsform og ryggen på neset er ein viktig silhuett, og har fått verdien B - lokalt viktig landskap.



Bilete 14 Ortneset.

5.9.2 Rekreasjon og friluftsliv

Det finnast ei FRIDA- registrering (badeplass) i Brekke som ligg litt sør i bygda ved Hauglandsneset.



Bilete 15 Hauglandsneset, Brekke. Kjelde: <http://nordhordland.avinet.no>

5.9.3 Natur

Det er registrert eit EDNA område (lokalt viktig) i Brekke, i sjølve tettstaden. Dette er eit våtmarksområde som ligg ved utløpet av Storelva. Det er ei tidevassone, rastepllass for våtmarksfugl. Område grensar mot næringsbusetnad i nord og bustadbusetnad i sør.




Bilete 16 Utløp av Storelva og våtmarksområde. Kjelde: <http://nordhordland.avinet.no>

5.9.4 Næringsinteresser

Jordbruk er viktig i Brekke og bygda er ein landbruksbygd. I tillegg er det Marin Harvest med fiskeoppdrett, Skahjem Bygg, eigedomsforvaltningselskap MerluNor, Brekkestranda hotell, rutebilane i Brekke og Brekkebygda bensinstasjon, Sparebank, elektrobutikk, matvarebutikkar og frisør.

5.9.5 Kulturminne og kulturmiljø

Kartet under viser kjende kulturminner i nasjonal database for kulturminner – Askeladden.



Figur 3 Kjende kulturminner i området. Kjelde: Askeladden.


▲ Meldepliktig i hht kml § 25, ▲ Annet SEFRAK- bygg, △ Ruin eller fjernet objekt.

Steinalder

Lengst nord: to steinalderlokalitetar: Fergemist I og Fergemist II, automatisk freda kulturminne.

Lovisendahl

Hovedbygningen ligger nær Brekke kyrkje. Brekke gard var offisersgard frå 1677. Bygningen er oppført av løytnant Wergeland rundt 1760. Rundt hovedbygningen er det hageanlegg. Bygningen har vore nytta som barnehage dei seinaste åra. Vedtaksfreda 1920.



Figur 4 Brekke kyrkje og Lovisendahl er freda objekt i Askeladden. Kjelde: Askeladden

Brekke kyrkjested

Eldste omtale av kyrkja er i 1327-28. Nåverande Brekke kyrkje vart bygd i 1862 som erstatning for ein eldre bygning. Denne eldre kyrkja sto nord for nåverande kyrkje. Byggetidspunktet for den eldre kyrkja er ukjent, men ut frå materialtypen (tømmer) er det rimelig å tru at ho vart reist rundt 1600.



Bilete 17 Bilete til venstre er Brekke kyrkje, mens bilde til høgre er av Lovisendal.

Haugland kyrkjested

Kyrkjested, status uavklart. Risnesfjord kyrkje er nemnd første gong på 1300-talet og var då lokalisert til Haugland i Brekke. I katolsk tid skal det ha vore eit kapell her (Helle, Turid 1991: kulturlandskap og kulturmarkstypar Gulen kommune Rapport 17).

5.9.6 Bustad/fritidsbustad

Brekke har spreidd busetnad mellom landbruksareala og busetnad i sentrumsområde. På Austre Ortneset er det tettare bygd med eit bustadfelt. På Brekkestranden held Brekkestranden Pensjonat til og det ligg godkjent reguleringsplan for fritidsbusetnad vidare vest for pensjonatet. Dette arealet er allereie planert ut.



Bilete 18 Brekke sett frå Engesetvegen

5.9.7 Sårbarheit og funksjonell strandsone

Eit område kjem i kategorien A område med særegne kvaliteter. Dette gjeld delar av Ortneset. Det er den delen av Ortneset som har fått verdi – lokalt viktig landskap (B verdi) og som overlappar med kulturmiljøet Brekke som har fått middels til stor verdi (og er dermed vekta som 2 tema middels verdi). Totalt blir vektinga 3 tema middels verdi og A- område.

Store delar av område kjem i kategorien B - område ein skal vere varsom med å bygge ut da ryggen på Ortneset har fått B- verdi – lokalt viktig landskap, kulturlandskapet Brekke har fått B- verdi – lokalt viktig landskap, Brekke kulturmiljø har fått middels til stor verdi 100- meters belte, samt fulldyrka jordbruksareal. Brekke er lokalt viktig landskap og er del av område kulturmiljøet Brekke som har fått middels til stor verdi, men er vurdert til kategorien B - område ein skal vere varsom med å bygge ut, og ikkje A-område.

Nokre areal kjem i kategorien C – område som kan nyttast til byggjeføremål . Dette gjeld område med få eller ingen konfliktar og kan nyttast til byggetiltak, og gjeld nordvest for Ortneset og område på Brekkestranden.

Nokre areal kjem i kategorien D – Definerte område for særskilte utbyggingsføremål. Dette gjeld skuleområde med barnehage, idrettsbana, omsorgsbustader, sentrumsområde med kyrkja, butikkane, Brekkestranden pensjonat og andre areal som er avsett til forretnings- og service-, industri- og offentlege føremål i gjeldande kommunedelplan.

Funksjonell strandsonelinje følgjer i hovudsak fylkesveg 1 og eksisterande bygningar (ikkje landbruks eller sjørelaterte bygningar) dannar ei naturleg grense mot sjøen, samt godkjente reguleringsplaner og er i hovudsak smalare enn 100- meters belte.

Sårbarheit i strandsona - Brekke

----- Funksjonell strandsone

----- Vassdrag (KPA)

----- Helling > 1:3

Samla verdivurdering

----- A - Område med særegne kvaliteter

----- B - Område ein skal vere varsam med å bygge ut

----- C - Område som kan nyttast til byggjeføremål


----- D - Definerte område for særskilte utbyggingsføremål

0 200 400 meter

asplan viak

24.06.2013

pnr: 531253



5.9.8 Konklusjon bygda Brekke

Sjekkliste over interesse og kvalitetar som finnast i bygda:

Interesser/kvalitetar	I området	Merknad
Private stengsel		Ikkje registrert
Naturlege stengsel	✓	Brattkyst, sjå temakart landskapsverdiar som syner terrenget brattare enn 1:3
Knutepunkt	✓	Butikkane
Kulturminne	✓	Mange objekt i SEFRAK. To steinalderlokalitetar Fergemist I og Fergemist II (freda), Lovisendahl, Brekke kyrkjestad, Haugland kyrkjestad. Middels til stor kulturhistorisk verdi
Tekniske inngrep	✓	Brekke ferjekai
Biologisk mangfald		
Landskapsområde med A – verdi (regionalt og eller nasjonalt viktig landskap) og B verdi (lokalt viktig landskap)	✓	Ortneset – viktig rygg / landskapsform. Brekke - kulturlandskap
Næringsinteresser	✓	
INON		


Vurdering:

Bygda har landskaps-, kulturmiljø-, friluftsliv- og naturkvalitetar som er viktig å ta vare på. Steinalderlokalitetane; Fergemist I og Fergemist II, Lovisendahl, Brekke kyrkjestad, Haugland kyrkjestad, elveosen til Storelva (våtmarksområde), ryggen til Ortneset, badeplassen på Hauglandsneset er viktig å ta vare på og ikkje byggje ned og privatisere. Tiltak som tek vare på ålmenta si interesse kan vurderast. Brekke har fleire interesser i og utanfor strandsona, og dei ulike interessene krev ei forvaltning som gjer at ein ikkje mister kvalitetane samstundes som ein kan utvikle bygda. Det er naturleg å sjå for seg ei utviding av sentrumsbusetnaden ved å fortette eksisterande strukturar: Legge til rette for ny næring, forretning, bustad og møteplassar langs nedlagt kai. Det er gjennomført utviklingsstudie (mulighetsstudie) for Brekke som konkretiserer og viser døme på korleis ein kan sjå for seg ein utvikling av bygdesentrum. Vi anbefaler utvikling av næring i tilknyting til eksisterande næringsareal, samt utviding av skule, idrett, omsorgsbustader i tilknyting til eksisterande areal.


På Ortneset er det naturleg å behalde det som er opparbeid næringsareal i dag og legge til rette for nye bustader. Det er gode soltilhøve og gode bustadomter, og såleis viktig å vurdere regulert areal til næring som ikkje er teke i bruk. Vi anbefaler at eksisterande regulert næringsareal som er unytta på Ortneset bør endrast og omregulerast til bustadareal. Det er naturleg med næring inne langs hovedvegen (fv 1) der det alt er etablert og planert næringsareal. Byggehøgde og plassering av nye bustader på Ortneset er viktig for å unngå å bryte siluetten/høgdedraget med nye bygningar. Det er også viktig å ta vare på strandsona får å ta vare tilgjengeleight til strandsona og framtidig badeplass.

6 OMRÅDE E – Nord- og Austgulfjorden - Dalsøyra – Eidsfjorden

Nord- og Austgulfjorden - Dalsøyra – Eidsfjorden ligg midt i Gulen kommune. Området tar for seg 60 km langs fjordane. Området går langs strandsona frå Svaberget vest av Nordgulfjorden til Klokkeidnest vest for Eidsfjorden, bortsett frå Eidsvågen som er område i strandsoneanalyse del 1. Område E tek for seg bl.a. bygda Dalsøyra og stadane Nordgulen, og Austgulen. Dalsøyra er eit av skulekrinsane i kommunen og grensar i vest til Eidsfjorden.



Bilete 19 Oversikt over austleg del av Gulafjorden, Nord- og Austgulfjorden. Kjelde: www.norgei3d.no



Bilete 20 Oversikt over Eidsfjorden. Kjelde: www.norgei3d.no

6.1 Landskap

Område D er del av underregion 21.6 Fjaler som har fått C verdi - eit vanleg førekommande landskap i regionalt og nasjonalt perspektiv i rapporten Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke.

Område E består av to landskapstypar: Småfjord- og storsund og Fjordbotnar. Småfjord- og Storsund er austleg del av Gulafjorden (LT20-06-04) og Eidsfjorden (LT21-02-01). Nordgulfjorden (LT 21-04-02) og Austgulfjorden (LT21-04-01) er landskapstypen fjordbotnar. Austlig del av Gulafjorden LT20-06-04 har open og breidd storsund. Særpreget historisk landskap med viktige historiske lokalitetar av regional og nasjonal verdi. Landskapstypene har fått B- verdi i rapporten «Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane, Aurland naturverkstad, rapport 7» (2009).

Landskapstypen Nordgulfjorden (LT21-04-02) har open inngang med avsmaling mot fjordbotn. Det er bratte fjordsider med variert fjordløp m. nes og små viker. Tettstaden Nordgulen med aktivt og samanhengande kulturlandskap. Landskapstypene har fått C- verdi (ibid.)

Austgulfjorden (21T04-01) er langsmal og skarpskåren fjordarm. Det er bratte fjordsider og kystlinje med bart berg og brattkyst, til mindre viker og opne bukter. Markert utløp av med visuelt eksponert kulturmiljø. Aktive og lokalt verdifulle kulturmiljø, til gjengroing og forfall. Landskapstypen er klassifisert som regionalt viktig og fått C- verdi (ibid.)

Eidsfjorden (21T02-01) har open og rettlinja fjordløp. Varierande og slake fjordsider og en flikete kystlinje m. fleire små viker og kiler. Stadvis svak strandflate m. kystlynghei. Stadvis svært velhaldne kulturlandskap og en jamn og god heilskap og samanheng. Regionalt viktig. Landskapstypen er klassifisert som regionalt viktig og fått B- verdi (ibid.)

Vi har i tillegg framheva det vi meiner er verdifullt regionalt og lokalt og har delt inn i følgjande landskapsområde:

Namn	Type landskap	verdi
Myreneset	Markert nes	B- lokalt viktig landskap
Nordgulen	Heilskapleg og samanhengande kulturlandskap heilt ned til strandlinja. Fjordbotn Landskapsrom med klare avgrensingar i markert nes	B - lokalt viktig landskap
Mjåneset	Markert og eksponert nes	B - lokalt viktig landskap
Øskjeneset	Markert og eksponert nes	B - lokalt viktig landskap
Levresundet	Markert og viktig lanskapsformasjon: markerar skilje mellom Austgulfjorden og Nordgulfjorden Kulturlandskap, kulturmark	B - lokalt viktig landskap
Hanntveitneset	Markert nes	B - lokalt viktig landskap

Hanntveit	Kulturlandskap heilt ned til strandlinia.	B - lokalt viktig landskap
Hauge - Solstrand	Landskapsform: markert vik. Kulturlandskap heilt ned til strandlinia. Lav strandflate, steinstrand og svaberg.	B - lokalt viktig landskap
Austgulen	Heilskapleg og samanhengande kulturlandskap heilt ned til strandlinia. Lav strandflate: brakkvannsdelta	B - lokalt viktig landskap
Trædholmen	Markert holme og landside. Kulturlandskap	B - lokalt viktig landskap
Salbuå	Tydeleg nes med svaberg.	B - lokalt viktig landskap
Nes ved Rusta	Heilskapleg og samanhengande kulturlandskap heilt ned til strandlinia. Steinstrand og svaberg.	B - lokalt viktig landskap
Klokkeidneset	Markert nes som er viktig landskapsskilje mellom Gulafjorden og Eidsfjorden	B - lokalt viktig landskap
Myrvika, Storeholmen og Småholmen	Heilskapleg og samanhengande kulturlandskap heilt ned til strandlinia. Svaberg og steinstrand	B - lokalt viktig landskap
Knarrvik	Landskapsform: markert vik (gryteform) Kulturlandskap. Lav strandflate, steinstrand og svaberg	B - lokalt viktig landskap
Høyvika, Høvikholmen	Heilskapleg og samanhengande kulturlandskap heilt ned til strandlinia. Steinstrand	B - lokalt viktig landskap
Glenja	Kulturlandskap, lyngheier og torvmyrar.	B - lokalt viktig landskap




Bilete 21 Øskjeneset og Levresundet. Kjelde: <http://nordhordland.avinet.no>




Bilete 22 Hauge – Solstrand. Kjelde: <http://nordhordland.avinet.no>




Bilete 23 Austgulen. Kjelde: <http://nordhordland.avinet.no>




Bilete 24 Salbua. Kjelde: <http://nordhordland.avinet.no>



Bilete 25 Knarrvik. Kjelde: <http://nordhordland.avinet.no>





6.2 Rekreasjon og friluftsliv

Det finnast ingen registrerte regionale friluftsområder i område E.

Det er fleire lokalt viktig friluftsområde i område E: Pøyla ved Leversundbrua er registrert, men blir brukt til blåskjel- oppdrett i dag. Vidare er det Hanntveitneset og Hanntveitholmen (tilgjengeleg frå sjøsida), Buneset i Haugsvika (best tilgjengeleg frå sjøsida), Glossvika (tilgjengeleg både frå sjø- og landsida), Dalsøyra (tilgjengeleg frå sjøsida). Områda er nytta til bading og sjøutfart.

6.3 Natur


Det er to område med biologisk mangfald i område E – Nord- og Austgulfjorden - Dalsøyra: Botnen av Austgulfjorden er fjord med naturlig lavt oksygeninnhold i botnvatnet som er vurdert som viktig B. Innerst del av dette området overlappar med deltaet i Austgulen som er eit brakkvannsdeltar som også er vurdert som viktig (B- verdi)


Det er registrert eit INON-område langs Gulafjorden som strekkjer seg inn i studieområde forbi Kjeringeneset og Brandsdal mot Klokkeid.

I tillegg er det registrerte EDNA område:

- Svaberg – Kulturlandskap, Ei jordnøtteng. Typisk kysteng.
- Nyset, Levresundet – Kulturlandskap, Ein husmannsplass (Landskapsformer, steinopplegg og kulturmark).
- Oppdalsøyra – Ei markert terrasseflate som elva deler i to. Truleg marin grense på staden.
- Dalsøyra – Ei brei iserodert dal. På sørsida av elva er det ei fleire hundre meter lang og nokre ti-meter brei MG-terrass med svakt bølga overflate.
- Glenja (mellan Brattelifjellet og Åsen) – Kulturlandskap, Ei lynghei dominert av røsslyng og vert beita.

Natur- og friluftsverdiar:





6.4 Næringsinteresser

I studieområde E er det i hovudsak mindre bygder og grender. Det er ein del landbruksgardar med dyrka mark og beite. Dalsøyra er eit av fire bygdesentrum i Gulen med skule. I tillegg er Nordgulen og Austgulen mindre bygder innanfor område E. Dalsøyra har forretning og service med butikk, pub og frisør. I Glossvika held Gulen Dive Resort til.

6.5 Kulturminne og kulturmiljø

Ut ifrå SEFRAK-registeret, Askeladden, flyfoto og foto er det definert til saman 13 kulturmiljø innanfor område E:

Namn	Type miljø	Status
Nordgulenvågen kulturmiljø	Gjengroande kulturlandskap	Liten kulturhistorisk verdi.
Tveit kulturmiljø	Kulturmiljø i tilknyting til gardsbusetnad. Trondhjemiske postveg.	Middels til stor verdi
Nyset /Levresundet kulturmiljø	Husmannsplass med våningshus, fjøs og flor. Feriehus. Registrert som lokalt/regionalt viktig kulturlandskap (Fylkesatlas Sogn og Fjordane).	Middels til stor kulturhistorisk verdi
Dyregrov kulturmiljø	Gardsmiljø, gjengroande kulturlandskap.	Objekt i SEFRAK. Liten kulturhistorisk verdi
Samdalsneset kulturmiljø	Gardsmiljø, gjengroande kulturlandskap	Objekt i SEFRAK Liten kulturhistorisk verdi
Hanntveit kulturmiljø	Jordbrukslandskap i drift	Objekt i SEFRAK. Liten kulturhistorisk verdi
Åmdalsvik kulturmiljø	Vik ut mot Eidsfjorden.	Objekt i SEFRAK Liten kulturhistorisk verdi
Myrvika kulturmiljø	Gardsmiljø, jordbruk i drift. Mange objekt eldre enn 1850. Naustrekke (ruinar).	Mange objekt i SEFRAK. Liten kulturhistorisk verdi
Molde/Slengesol kulturmiljø	Gardsmiljø, kulturlandskap	Prioritert kulturlandskapsområde i fylket. Fleire SEFRAK-objekt. Stor kulturhistorisk verdi
Knarvik kulturmiljø	Gardsmiljø. Jordbruk i drift.	Objekt i SEFRAK, naust. Liten kulturhistorisk verdi
Høyvika kulturmiljø	Gravrøys på neset og fleire objekt i SEFRAK. Naust.	Freda objekt og objekt i SEFRAK. Middels til stor kulturhistorisk verdi
Buneset kulturmiljø	Gravrøys – automatisk	Middels til stor

	freda kulturminne. Eit SEFRAK-objekt – ruin.	kulturhistorisk verdi
--	---	-----------------------

Utanfor studieområde for strandsoneanalyse del 2 ligg det kulturmiljø i Dalsbygda, aust for Dalsøyra. Her er det mange objekt i SEFRAK, og fleire av dei er eldre enn 1850 og meldepliktige. Generelt er området frå Dalsøyra inn til Dalsbygda eit kulturhistorisk rikt daldrag.




Bilete 26 Tveit Kulturmiljø. Kjelde: <http://nordhordland.avinet.no>




Bilete 27 Nyset/ Levresundet kulturmiljø. Kjelde: <http://maps.google.no/>



Bilete 28 Høyvika kulturmiljø. Kjelde:<http://maps.google.no/>





6.6 Bustad/fritidsbustad

I område er det i hovudsak spreidd bustad og ein god del landbrukseigedomar. Det er bustadfelt i Dalsøyra og i Nordgulen. Hytter og fritidsbustader er i hovudsak knytt til Glossvika, men det er to mindre område: på Hanntveitneset og i Høyvika. I gjeldande kommunedelplan for Haveland / Nordgulen og Nese er det regulert til fritidsbustader for eit område vest i Nordgulen og eit område i Trædsvika. I gjeldane kommunedelplan for Dalsøyra er det sett av område til hytter frå Lund og nordover mot Klaushola.

6.7 Konklusjon delområde E

Sjekkliste over interesse og kvalitetar som finnast i området:

Interesser/ kvalitetar	I området	Merknad
Private stengsel		Ikkje registrert
Naturlege stengsel	✓	Brattkyst, sjå temakart landskapsverdiar som syner terreng brattare enn 1:3
Knutepunkt	✓	Kaia i Glossvika, Butikken i Dalsøyra
Kulturminne	✓	Gardsmiljø, postveg, gravrøyser (freda), naustmiljø, kulturlandskap, husmannsplass. Tretten definerte kulturmiljø: Nordgulvågen, Tveit, Nyset /Levresundet, Dyregrov, Samdalsneset, Hanntveit, Åmdalsvika, Myrvika, Molde/ Slengesol, Knarvik, Høyvika, Buneset,
Tekniske inngrep		Kai ved butikken, bru over Moldeelva
Biologisk mangfold	✓	Bunnen av Austgulfjorden (lavt oksygeninnhald), Brakkvannsdelta i Austgulen
Landskapsområde med A – verdi (regionalt og eller nasjonalt viktig landskap) og B verdi (lokalt viktig landskap)	✓	Myrenesset, Tveit, Mjåneset, Levresundet, Hanntveitneset, Hanntveit, Hauge- Solstrand, Austgulen, Trædholmen, Salbu, Nes ved Rusta, Klokkeidneset, Myrvika- Storeholmen- Småholmen, Knarvik, Høyvika – Høvikholmen, Glenja
Næringsinteresser	✓	
INON	✓	INON langs austleg del av Gulafjorden

Vurdering:

Område E har alt frå landskaps-, kulturmiljø-, natur-, og friluftskvalitetar som er viktig å ta vare på. Det er også fleire interesser i og utanfor strandsona, dette gjeld kanskje særleg interesser knytt til fritidsbustader, bustader og naust.

Det er særstakt viktig å ta omsyn til kulturmiljøa: Tveit, Nyset /Levresundet, Molde/Slengesol, Høyvika, Buneset, landskapsområda lista opp i konklusjonstabellen for delområde E, dei viktige naturtypane i Austgulen, og ikkje byggje ned desse områda.

6.8 Sårbarheit og funksjonell strandsone

5 område kjem i kategorien A - område med særeigne kvaliteter: Tveit, Livresundet, Molde/ Slengesol, Høyvika og Buneset. Kulturmiljøet Molde/ Slengesol har fått stor verdi og er dermed A område. Tveit har fått B- verdi -lokalt viktig landskap og er ein del av kulturmiljøet Tveit som har fått middels til stor verdi (og er dermed vekta som 2 middels verdi, og totalt 3 tema middels verdi). Leversundet, Høyvika og Buneset har fått lik vektning på tema landskap og kulturminne/ kulturmiljø som Tveit og fell dermed i område A.

Store delar av området kjem i kategorien: B - område ein skal vere varsam med å bygge ut da fleire områdehar middels verdi på tema landskap, kulturmiljø, natur og friluftsinteresser 100- meters belte, samt andre registrerte kvaliteter som fulldyrka jordbruksareal.

Nokre areal kjem i kategorien C - område som kan nyttast til byggeføremål. Dette gjeld område med få eller ingen konfliktar og kan nyttast til byggetiltak.

Nokre areal kjem i kategorien D – definerte område for særskilte utbyggingsføremål. Dette gjeld areal som er avsett til forretning- og service-, industri- og offentlege føremål i gjeldande kommunedelplanar.

Funksjonell strandsonelinje er smalare enn 100-metersbeltet der veg og eksisterande bygningar (ikkje landbruks- eller sjørelaterte bygningar) dannar ei naturleg grense mot sjøen, samt godkjente reguleringsplaner med utbyggingsføremål.

6.9 Utvida analyse og skisse for bygda Dalsøyra

Skulekretsen Dalsøyra er eit av fire bygdesentrums i Gulen kommune med ca. 556 beboarar. Bygda ligg på austsida av Eidsfjorden, ved munningen av Moldeelva. Her finst barnehage, skule med barne- og ungdomstrinn, butikk, pub og frisør, telegrafstasjon (BKK), samt flysstripe for mikrofly.



Bilete 29 Skråfoto som syner Dalsøyra. Kjelde: <http://nordhordland.avinet.no>

6.9.1 Landskap

Landskapet i Dalsøyra er ein del av område LT21-02 -01 Eidsfjorden som er landskapstypen småfjord og storsund. Landskapskarakteren i Dalsøyra er viker og nes med en slak fjordside ned mot Myrvika som er karakterisert av eit heilskapleg kulturlandskap. Kulturlandskapet ned mot Myrvika har markerte langssmale teigar. Kulturlandskapet går heilt ned i strandsona. Lihaugen delar Myrvika frå område Molde som blir forsterka av Moldeelva. Myrvika har fått verdien B - lokalt viktig landskap.

6.9.2 Rekreasjon og friluftsliv

I Dalsøyra er det registrert eit lokalt viktig friluftsområde ved Moldeneset (FRIDA). Badeplassen er best tilgjengeleg frå sjøsida.

6.9.3 Natur

Det er registrert eit EDNA område ved Moldeelva og sør for Moldeelva: ei brei iserodert dal. På sørsida av elva er det ei fleire hundre meter lang og nokre ti-meter brei terrasse med svakt bølga overflate. Terrassen nyttast som jordbruksareal, og er elles urørd.

6.9.4 Næringsinteresser

Butikk, pub og frisør, telegrafstasjon (BKK), landbruk, flysstripe for mikrofly.

6.9.5 Kulturminne og kulturmiljø

Ut ifrå SEFRAK-registeret, Askeladden, flyfoto og foto er det definert til saman 2 kulturmiljø innanfor Dalsøyra

Namn	Type miljø	Status
Myrvika kulturmiljø	Gardsmiljø, jordbruk i drift. Mange objekt eldre enn 1850. Naustrekke (ruinar).	Mange objekt i SEFRAK. Liten kulturhistorisk verdi
Molde/Slengesol kulturmiljø	Gardsmiljø, kulturlandskap	Prioritert kulturlandskapsområde i fylket. Fleire SEFRAK-objekt. Stor kulturhistorisk verdi



Figur 5 Kjende kulturminne i delområdet. Kjelde: Askeladden

▲ Meldepliktig i etter kml § 25 ▲ Anna SEFRAK- bygg ▲ Ruin eller fjerna objekt.



Bilete 30 Myrvika. Kjelde:<http://maps.google.no/>



Bilete 31 Molde/ Stengesol kulturmiljø. Kjelde:<http://maps.google.no/>

6.9.6 Bustad/fritidsbustad

Bustadbusetnaden ligg i hovudsak på sørvestsida av Lihaugen og på aust sida av fylkesvegen frå Lihaugen til Myre. Elles er det stort sett garder med landbruksbygningar. I gjeldane kommunedelplan er det sett av område til hytter frå Lund og nordover mot Klaushola.

6.9.7 Sårbarheit og funksjonell strandsone


Område frå Moldeelva til Ospemyra kjem i kategorien A -område med særeigne kvaliteter. Område har same avgrensing som Molde/Stengesol kulturmiljø som har fått stor verdi og kjem dermed i A-område.

Ein stor del av området kjem i kategorien B - område ein skal vere varsam med å bygge ut pga. område Myrvika har fått verdi – lokalt viktig landskap, 100- meters belte, 50 meters byggeforskrift langs elv, samt fulldyrka jordbruksareal.

En stor del av området kjem i kategorien C – område som kan nyttast til byggeføremål. Dette gjeld område med få eller ingen konfliktar og kan nyttast til byggetiltak, og gjeld Lihaugen, Dalsbygda, aust frå Molde og innover mot Olsbotn.

Nokre areal kjem i kategorien D – Definerte område for særskilte utbyggingsføremål. Dette gjeld skuleområde med barnehage, idrettsplass og samfunnshus, eldresenter, butikk, telegrafstasjonen og andre areal som er avsett til forretnings- og service- og offentlege føremål i gjeldande kommunedelplan.

Funksjonell strandsonelinje følgjer i hovudsak fylkesveg 57 og eksisterande bygningar (ikkje landbruks eller sjørelaterte bygningar) og er i hovudsak smalare enn 100- meters belte. Den er definert breiare enn 100- meters belte der strandsona inngår i en større samanheng som landskapsområde på Myrvika.



6.9.8 Konklusjon bygda Dalsøyra

Sjekkliste over interesse og kvalitetar som finnast i bygda:

Interesser/kvalitetar	I området	Merknad
Private stengsel		Innkje registrert
Naturlege stengsel	✓	Brattkyst, sjå temakart landskapsverdiar som syner terreng brattare enn 1:3
Knutepunkt	✓	Butikken
Kulturminne	✓	Rikt med SEFRAK-objekt, også mange eldre enn 1850. Av særleg verdi: Molde/Stengesol som er prioritert kulturlandskap.
Tekniske inngrep	✓	Kai ved butikken, bru over Moldeelva
Biologisk mangfald		
Landskapsområde med A – verdi (regionalt og eller nasjonalt viktig landskap) og B verdi (lokalt viktig landskap)	✓	Myrvika kulturlandskap
Næringsinteresser	✓	Butikk, telegrafstasjon, flystripe
INON		

Vurdering:

Dalsøyra har fleire interesser i og utanfor strandsona. I tillegg er kvalitetane kring landskap og kulturminne viktige element som ein må ta med seg i dei samla vurderingane for utvikling av tettstaden. Det er også viktig å behalde det som er aktivt landbruksareal i dag og ta vare på strandsona for å ta vare tilgjengeleghet til strandsona og framtidig badeplass.

Som bygd er det i hovudsak interessene knytt til bustad, skule, idrett, næring og sentrumsfunksjoner som er viktige. Det er utbygd ein del hytter. I vidare utvikling av Dalsøyra er det viktig å legge til rette for bustader, utviding av skule, barnehage, idrett, idrettshall, utvikling av bygdesentrums med møteplasser og sentrumsfunksjonar, samt utvikling av næring ved butikk.

Ein utviklingsstudie (mulighetsstudie) vil kunne konkretisere og vise døme på korleis ein kan utvikle bygdesentrums og nye bustad- og hytteområde.

7 OMRÅDE F – Byrknes

Byrknes er ein tettstad som ligg vest på Byrknesøya i Gulen kommune. Skulekretsen Byrknes har om lag 500 innbyggjarar. Her er barne- og ungdomsskule, alderstun, bibliotekfilial, handel, hamn, Fiskebondemuse og Byrknesøy kapell.



Bilete 32 Oversikt Byrknes, sett frå sør. Kjelde: www.norgei3d.no

7.1 Landskap

Område F er del av underregion 20.3 Fedje/ Gulen som har fått C verdi - eit vanleg førekommande landskap i regionalt og nasjonalt perspektiv i rapporten Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke.

Byrknes er av to landskapstypar: Ytre skjergard og våg og smalsund «Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane, Aurland naturverkstad, rapport 7» (2009). Ytre skjergård er ytre landformer som orienterer seg vest mot Djuposen som også er landskapsnamnet på det geografiske området (LT20-04-01 Djuposen). Djuposen har landskapskarakter open skjergard og er karakterisert som eit øy- og skjergardslandskap som ligg eksponert ut mot storhavet. Strandlinja ligg med ein oppiven og flikete struktur. Ei mengd meir små viker, kilar og pollar skjer inn i øyane og holmane. Innanfor studieområdet har ein blant anna Bardvågen, Nedgardvika, Munevika, Bråttevika og Porshaugvika.

Store deler av Byrknes er av landskapstypen våg og smalsund og landskapstypen heter Byrknes (LT20-05-04 Byrknes). Landskapskarakteren er typisk indre skjærgård med små lune viker og trange småsund og kiler. Gamle fiskevær gir en viktig historisk kontinuitet i landskapet LT20-05-04.



Bilete 33 Nesevågen. Kjelde: <http://nordhordland.avinet.no>

Vi har i tillegg framheva det vi meiner er verdifullt regionalt og lokalt og har delt inn i følgjande landskapsområde:


<i>Namn</i>	<i>Type landskap</i>	<i>verdi</i>
Gardvågen	Markert markert våg, trong småsund, lav strandflate, svaberg	B- lokalt viktig landskap
Lestangane, Kalveneset, Hatteneset	markerte våger og nes med trонge småsund	B - lokalt viktig landskap
Nedgardsvika	karakteristiske vikar og vågar eit heilskapleg kulturlandskap	B - lokalt viktig landskap
Ytre del av Nesevågen	molo, utfylling, kai og utsprengt terrengr	D- landskap med reduserte verdiar
Bardvågen	karakteristiske vikar og vågar eit heilskapleg kulturlandskap	B - lokalt viktig landskap
Nedgardsvika	Molo, og industriområde som med fylling og utsprengt terrengr har endra opphavleg slik at det har reduserte verdiar	D- landskap med reduserte verdiar



Bilete 34 Byrknes sett frå nord. Kjelde: <http://nordhordland.avinet.no>



Bilete 35 Kvaløyna og Tausevågen. Kjelde: <http://nordhordland.avinet.no>




7.2 Rekreasjon og friluftsliv

Innafor området er det registrert eit lokalt viktig friluftsområde på Kalvøyna sør (FRIDA). Område er vanskeleg tilgjengeleg både frå landsida og sjøsida.

7.3 Natur

Innanfor området er det ein slåttemark som har verdien lokalt viktig (C) pga. størrelsen (liten, ca. 1 daa). Vegetasjonstypen er ei jordnøtteng, griseøyre- utforming og prestekrage- utforming, noko som er ein sterkt truga vegetasjonstype. Ein mindre del av Svartesjøen som er vurdert som viktig (B verdi) ved Grimevegen – Lommannstraumen er innafor området. I tillegg er det registrert eit EDNA område (lokalt viktig) som er innafor området: på Grimestølen. Dette er ein del av eit svært karakteristisk område og representativt for lystheiar i midtre kyststrøk med flat topografi, men kjerneområdet ligg fleire kilometer unna på sjølve Byrknesøya.

Natur- og friluftsverdiar:



7.4 Næringsinteresser

Byrknes har fiskevær med fiskeforedlingsbedrifter som Firda Sjøfarmer AS, Slakteriet, Skipavika næringspark, Byrkens Auto AS og Fiskebondemuseet. Det er planlagd utbygging i Tausevågen for båthotell med service og småbåtanlegg.

7.5 Kulturminne og kulturmiljø

Ut ifrå SEFRAK-registeret, Askeladden, flyfoto og foto er det definert til saman 2 kulturmiljø innanfor Byrknes:


Namn	Type miljø	Status
Nesevågen og Barvågen kulturmiljø	Jordbrukslandskap – kombinasjonsbruk. Hus, uthus, naust og sjøbuer ned mot vågane. Gulen fiskarbondemuseum i Barvågen.	Mange objekt i SEFRAK Kyrkjestad – automatisk freda. Barvågen (regulert til vern). Middels til stor kulturhistorisk verdi
Gardvågen / Svanholmen kulturmiljø	Kystkultur – fiskarbonden	Enkelte objekt i SEFRAK. Liten til middels kulturhistorisk verdi



Bilete 36 Nesevågen og Barvågen kulturmiljø. Her ligg også Fiskebondemuseet. Kjelde: Wikimedia Commons



Bilete 37 Gardvågen/ Svanholmen kulturmiljø. Bilete til høgre viser Garvågen med tradisjonelt naust i naturstein, den gamle Rorbua til venstre. Kjelde: det til venstre: Asplan Viak, det til høgre: svanholmbua.no



7.6 Bustad/fritidsbustad

Mesteparten av bustadene ligg på Søre Garden, mellom Nesevågen i sør og fylkesveg 4 i nord. Elles er det spreidd me bustader sentralt på halvøya. Byrknes er ein mindre tettstad med kai og hamn. Det er godkjente bustadplaner mellom Slåttevika og Bråtevika. Her er det allereie ført opp bustader. Det er også godkjent reguleringsplan bustad på Børtnes, Gåta, vegen Nedgardsvika og Tausevågen bustadfelt. Det ligg ikkje felt for fritidsbustader innafor område.

7.7 Sårbarheit og funksjonell strandzone


Tre område som kjem i kategorien A område med særeigne kvaliteter. Dette gjeld Bardvågen, nordre del av Nedgardsvika, samt eit mindre felt inst i Nesevågen. Både Bardvågen og Nesevågen har fått B-verdi -lokalt viktig landskap og er ein del av kulturmiljøet Bardvågen som har fått middels til stor verdi (og er dermed vekta som 2 middels verdi, og totalt 3 tema middels verdi).

Elles kjem store delar av område i kategorien B - område ein skal vere varsom med å bygge ut da Gardvågen, Kalvøyna og Lestangane, Kalveneset, Hatteneset har fått B-verdi – lokalt viktig landskap, 100-meters belte, samt fulldyrka jordbruksareal.

Nokre areal kjem i kategorien C – område som kan nyttast til byggeføremål. Dette gjeld område med få eller ingen konfliktar og kan nyttast til byggetiltak.

Nokre areal kjem i kategorien D – Definerte område for særskilte utbyggingsføremål. Dette gjeld ytre del av Nesevågen og moloen i Nedgardsvika som har fått D verdi – landskap med få eller reduserte verdiar. Skuleområde, kapellet, butikken, krambua og andre areal som er avsett til forretnings- og service-, industri- og offentlege føremål i gjeldande kommunedelplan.

Funksjonell strandsonelinje er smalare enn 100-metersbeltet der veg og eksisterande bygningar (ikkje landbruks eller sjørelaterte bygningar) dannar ei naturleg grense mot sjøen, samt godkjente reguleringsplaner.



7.8 Konklusjon OMRÅDE F – Byrknes

Sjekkliste over interesse og kvalitetar som finnast i området:

Interesser/ kvalitetar	I området	Merknad
Private stengsel		Ikkje registrert
Naturlege stengsel	✓	Brattkyst, sjå temakart landskapsverdiar som syner terrenget brattare enn 1:3
Knutepunkt	✓	Havna - Nesevågen
Kulturminne	✓	Nesevågen og Barvågen KM og Garvågen / Svanholmen KM. Sefrak, kyrkjested, kystkultur- landskap.
Tekniske inngrep	✓	Molo og kai i Nesevågen og i Nedgardsvika.
Biologisk mangfald	✓	Ein mindre del av Svartesjøen ved Grimevegen Byrknes. Slåttemark i nærleiken av skulen
Landskapsområde med A – verdi (regionalt og eller nasjonalt viktig landskap) og B verdi (lokalt viktig landskap)	✓	Gardvågen, Lestangane, Kalveneset, Hatteneset, Nedgardsvika, Bardvågen Taupevågen
Næringsinteresser	✓	Firda Sjøfarmer AS, Slakteriet, Skipavika næringspark, Byrkens Auto AS, Fiskebøndemuseet nærbutikken
INON		

Vurdering:

Byrknes har fleire interesser i og utanfor strandsona. I tillegg er kvalitetane kring landskap og kulturminne viktige element som ein må ta med seg i dei samla vurderingane for utvikling av tettstaden. Det er også viktig å behalde det som er aktivt landbruksareal i dag og ta vare på strandsona for å ta vare tilgjengeleghet til strandsona og framtidig badeplass.

Som bygd er det i hovudsak interessene knytt til bustad, skule, idrett, næring og sentrumsfunksjoner som er viktige. I vidare utvikling av Byrknes er det viktig å legge til rette for bustader, utviding av skuleområde og utvikling av bygdesentrums med møteplasser og sentrumsfunksjonar.

Ein utviklingsstudie (mulighetsstudie) vil kunne konkretisere og vise døme på korleis ein kan utvikle bygdesentrums og nye bustadområde.

8 SÅRBARHEITSKART MED KOMMENTARAR

Sårbarheitskartet gjev ein indikator på kva verdiar dei ulike områda har innanfor studieområdet. Områda er vurdert ut i frå dei ulike interessene og kvalitetane knytt til strandsona. Vurderingane er overordna, og er ikkje i detalj på korleis områda skal utformast. Sårbarheitskartet har ikkje status som ei konsekvensutgreiing. Område som ikkje har farge, er ikkje vurderte.

Strandsona i studieområdet er delt i inn i fire kategoriar, som er lik i strandsoneanalysane for delområde 1 og delområde 2:

GRÅ: Definerte område for særskilde utbyggingsføremål, D-område

Område som allereie er i bruk til større definerte formål/ avgitt til eksisterande byggeområde/ planer. Ikke bustadføremål.

GUL: Område som kan nyttast til byggjeføremål, C-område

Gule område har få/ingen konfliktar, og kan nyttast til byggetiltak.

Det er likevel viktig med reguleringsplan, slik at bustad-, hytter- og næringsområde ikkje kjem i konflikt med kvarandre, det er difor viktig at ein tek omsyn, og vurderer dette i eit framtidsperspektiv, før ein set i gang med tiltak. Privatisering av sjølve strandlinna bør ikkje førekome.


ORANGE: Område ein skal vere varsam med å byggje ut, B-område

Orange område har fleire interesser og verdiar som må takast omsyn til. Det kan gjennomførast byggetiltak i desse områda, men dei må vurderast i kvart tilfelle opp mot omsyna til verdiane her. I desse områda bør det fremjast reguleringsplan for utbygging. Ein landskapsanalyse, stadaanalyse eller mulighetsstudie vil gjere lettare kunne synleggjere kvalitetane som ligg her, og arealløysingar for framtida.


Forbod mot privatisering av strandsona gjeld.


RAUD: Område med særeigne kvalitetar – ikkje eigna for utbygging, A-område

I område der fleire interesse kryssar kvarandre, som; landskapskvalitetar, kulturminne og kulturmiljø, naturtypar og friluftsliv, er konsekvensane ekstra store ved utbygging. Område som skil seg ut innanfor denne kategorien her er Dingeneset, Grimhellarvik, Rutletangane, Den trondheimske postveg, Kystfortet Rutledal, Ortneset, Tveit, Levresundet, Molde/ Slengesol, Høyvika og Buneset. I raude område bør utbygging ikkje tillatast, med mindre ein kan dokumentere at fordelane for tiltaket er større enn ulempene.











9 KONKLUSJON

Område der ein som hovudregel kan gjennomføre nye tiltak etter at omsyn er gjort:

- Utanfor 100- meters beltet
- Der det finst busetnad frå før av
- Område knytt til nærliggjande veg, og anna infrastruktur

Område ein bør ver varsam/ vise omsyn til fleire interesser:

- Innanfor funksjonell strandsone
- Innanfor område der fleire interesser gjeld (spesielt område for natur, landskap friluftsverdier og kulturmiljø)
- Tettstادområde med høge landskapsverdier A og B verdi (her treng ein ei meir finmaska analyse).

Område som ikkje bør byggjast ut:

- Øyar holmar og skjær som ikkje har busetnad
- Ytst på nes, og høge toppar (silhuett)
- Område interesser for natur- landskaps- og friluftsverdier er store

Generelle retningsliner for arealbruk i strandsona i Gulen kommune:

- Næringsareal og område for bustad/fritidsbustad bør ikkje vere lokalisert for nære kvarandre. Dette er sjølv sagt avhengig av kva type næring det gjeld, og må vurderast spesifikt i kvart enkelt høve.
- Øyar, holmar og skjær der det ikkje er busetnad, bør sparast for inngrep
- Unngå å redusere INON - område.
- Øyar, nes, lengre høgdedrag som fungerer som buffer for næring/industri, busetnad, tydelege skiljer mellom ulike landskapsrom eller andre inngrep bør ikkje byggjast ut.
- Bygging ytst på nes, vil ofta redusere landskapsverdien og privatisere strandsona - desse områda bør difor ikkje byggjast på.
- Unngå å bygge i silhuett
- Nye utbyggingstiltak i strandsona bør ha fokus på tilkomst for alle, unngå privatisering og å legge til rette i staden for å vere til hinder for andre å opphalde seg der.

Tettstadar ved sjøen har større innslag av utbygd strandsone enn meir spreidd bygde område. Stor landskapsverdi i tettstادområde tyder ikkje utan vidare at "all" strandsona må vernast for inngrep - eit tettstادområde med høg verdi kan ofte ha store variasjonar i verdi over kort strandline og bør difor ha ei meir detaljert vurdering i samband med planarbeid eller tiltak for å komme fram til ei god forvaltning.

God forvaltning balanserer omsyn til naturverdier, historiske verdier og rekreasjonsverdier med omsyna til eit levande bygdemiljø, arbeidsplassar, turisme, bustader, båthamn m.m.

10 KJELDER

- Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane: <http://www.sffarkiv.no/>
- Fylkesatlas: www.fylkesatlas.no
- Skråfoto: www.nordhordland.avinet.no
- Strandsonerettleiar for Sogn og Fjordane: Strandsona – ein felles ressurs! (2003)
- Fylkesdelplan for arealdel, retningsliner, vedteke 18.10.00, Sjekkliste og særleg punkt 3.3.1
- Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane, Aurland naturverkstad, rapport 7 (2009)
- Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Gulen kommune, Sogn og Fjordane Distrikthøgskulen, rapport nr. 17 (1991).
- www.naturbase.no

Andre kjelder:

Ortofoto 2009, www.norgeibilder.no
www.norgei3d.no
Skråfoto 2011, www.nordhordlandskart.no
<http://maps.google.no/>
mm.